



5.13. ASTRHEIM

Austrheim ligg heilt nord vest med ferje til Gulen i Sogn og til Fedje. Kommunen er eit øyrike bundet saman av 13 bruar. Her er og det vestligaste fastlandspunktet i Norge, eller Vestkapp, er på Vardetangen. Det er eit lågtiliggande strandflatelandskap kor Litlåsfjellet, 109 moh, strekker seg opp i aust på grensa til Lindås.

Landskapet var ope og skoglaust i over 4000 år etter at menneske begynte å rydda vekk skogen med «svedje» jordbruk. Dei siste hundre åra har landskapet igjen endra seg med mindre opne lyngbeiter og meir busk og kratt. Der lyngbeita ikkje vert nytta vil det igjen bli skog. Bjørk, rogn og furu er etablert fleire stader og sitkagran som vart planta på 60-talet er nå tett skog. Framleis er landskapet prega av ope lynghei og store torvmyrer.


På Lyngoksen er det funne spor etter dei som fjerna skogen og dyrka jorda her for 4300 år sidan, dvs i yngre steinalder. Då vart lyngheiane danna og etter kvart dei store terrengdekkande myrane som gav torv og varme til generasjonar.

Her møter vi historien langs kulturstiar forbi buplassar frå steinalderen og oljeanlegge på Mongstad.

I 2009 var her registrert 14 foretak med 1513 sauar på utmarksbeite, av desse 321 sauar med vinterbeitning. Det er ein markert auke i tal sau med vinterbeitning frå året før.


Lyngbeita ligg i det område som er definert som «ikkje produktiv utmark» og representerer 67% av arealet i Austrheim.

I 2009 var folketal på 2576, dette er ei auke på 90 frå 2006



Austrheim kommune - vestre del

- | | |
|--------------------------------------|--|
| [Pink square] Ope lynghei | [Pink square with dots] Ope lynghei – med spesiell verdi |
| [Orange square] Lynghei i attgroing | [Yellow square] Lynghei i attgroing – med spesiell verdi |
| [Dashed line square] Områdeinndeling | |



Austrheim kommune - austre del

- Ope lynghei
- Lynghei i attgroing
- Områdeenndeling

- Ope lynghei – med spesiell verdi
- Lynghei i attgroing – med spesiell verdi

Registrering av kystlynghei i Austrheim

Austrheim er delt opp i områder fra 1 til 5. Desse områda finn ein att på kartet, i beskrivelse og foto.

NR		OMRÅDE:	BESKRIVELSE:	SKJØTSEL:	DIV:
1	Mange av dei ytterste øyane i nord vest er opne og dominert av røsslyng, men som i resten av kommunen har det vore aktiv granplanting mange stader. Værhardt og havnært klima gjør at at groing går seint. Landskapet er lågt, men meir kupert enn lenger aust. Sentrum med skule og butikk låg på den lille Kjerringøy, den gang dei fleste øyane var bebudd og før vegen kom til fleire av øyane.	A) Rongevær med Sauøy, Skageøy og Kuøy	På selve Rongevær er austsida, dvs halve øya tilplanta med sitkagran og buskfuru, mens vestsida er ope med grov lyng, myr og berg. På Kuøy er det planta sitkagran i aust, mens resten av øya er ope med grov lyng, myr og berg. Skagøy er dominert av gras. Sauøy er ope mosaikklandskap med lyng, myr og gras. Mindre område med barskog i nord.	I dag er her ingen beiting.	Se Naturtypar -03. Sauøy, Skageøy og Kuøy er vurdert som lokalt viktig område (C) På Rongevær er det fleire gardsbruk og hytter. Beitedyr må tilbake på øyane og plan for sving. Både på Kuøy og Sauøy bør sitkagran fjernast.
		B) Krossøy	Store område med ope kystlynghei utan inngrep. Kupert terreng med mykje synleg berg. Mosaikk med lyng, myr og berg. Lyngen er stort sett kortvokst med noe gammalt, men mykje ny lyng. God beiteverdi. Noe innslag av einer, bjørk og furu lengst sør. Planta gran rundt bebyggelse.	I dag vert lyngbeite og ein del innmark leigd vekk til utegangersau i beitesamarbeid. Forsøk på sviing i 2009. Sviing av større areal des 2010.	Se Naturtypar -03 Nordenden på Krossøy er vurdert som svært viktig område (A) Fast busetting og veg til sørenden av øya. Her var melkekyr til 1975, storfe og sau til 1985 og kvit sau til 1990. Beita var utan beitedyr og skjøtsel fram til 2000, då det kom sau og hest i nokre år. Frå 2009 har det vore villsaudrift på Krossøy. Fortsatt beiting. Plan for sviing.
		C) Steinsøy	Fin open kystlynghei med svaberg mot sjøen.	Sporadisk beiting av villsau som og beiter på Nautøy. Ikkje svidd i seinare tid.	Se Naturtypar -03. Vurdert som lokalt viktig område (C) Beiting og sviing.
		D) Nautøy	Ope fin kystlynghei med røsslyng-dominans. Låg lyng der været tar hardest og grov på lunere stader. Små grantreer i ferd med å etablere seg på austsida.	Øya vert beita av villsau. Ikkje svidd i seinare tid.	Se Naturtypar -03. Vurdert som lokalt viktig område (C) Beitedyr, sviing og fjerning av bartre.
		E) Kårøy	Høg røsslyng-dominans og ingen fysiske inngrep gjør øya spesielt verdifull som lyngbelte. Granplanting er ei utfordring.	Ingen beiting eller anna skjøtsel idag.	Beitedyr, fjerning av gran og sviing.
		F) Baløy med Eikholmen, Husøy og fl.	Øyane er opne med mykje røsslyng i relativt god stand. Lyngen er av varierende kvalitet etter som kor sau beiter. På Husøy er det noko spredd furu og gran.	Villsau beiter på Baløy. Ingen beiting eller anna skjøtsel på dei andre øyane.	Se Naturtypar -03. Vurdert som viktig område (B) Bosetting med veg i aust. Beitebruksplan Oppretthalde eit godt beitepress, fjerne bartre og lag plan for sviing.

NR		OMRÅDE:	BESKRIVELSE:	SKJØTSEL:	DIV:
1		G) Lyngoksen	Lynghei og spesielt fine terregndekkende myrer. Øya var tidligere rydda for skog og tatt i bruk som beite allerede før 4300 år sidan. Dette er den eldste kulturmarka i Hordaland. Littlekalven har lyng uten attgroing.	Planteskog i sør og nordaust må fjernes både for å bevare torvmyrane og unngå infisering av lyngbeite. Ingen beiting eller anna skjøtsel i dag.	Se Naturtypar -03 Vurdert som svært viktig område (A) Få tilbake sau på beitene og plan for sving.
		H) Annfinnhilm, Gyrehilm og Svehilmene.	Desse holmane er opne og dominert av lyng. Noe buskfuru på Svehilmene.	Ingen beiting eller anna skjøtsel.	Hører til i øyområde med mykje lyng. Enkelt å skjøtte ved sving og beiting.
		I) Rotøy	Vegen går igjennom mykje fin ope lynghei med høg røsslyng-dominans. Lyngen er grov og spesielt i sør spreier gran frå plantefelt seg.	Planta gran bør fjernast og skjøtsel med beiting og sving gjennopptas.	Ingen bygningar gjer det enkelt å sette i stand lyngbeite på Rotøy med rydding, sving og beiting.
		J) Stussøy og Haugklubben	Inngrepsfri, ope og lyngdominert. Eit par område med einer/buskfuru (?)	Beiting med villsau. Sviing av lyngbeite på alle holmane i 2010.	Fortsatt skjøtsel vil ivareta lyngbeite.
		K) Bjørnøy og Lambøy	Ope, røsslyng-dominans, men mykje er grov lyng. Noe furu på Bjørnøy. Lambøy har hytter i sør, i nordvest er det ope lynghei, i aust buskfuru.	Ingen beiting eller anna skjøtsel.	Bjørnøy og Lambøy N er enkelt å sette i stand som lyngbeite med sving og beiting..
		L) Lauvøy	Ope røsslyng-dominert lynghei. Lyngen er grov med spreidd innslag av furu og lauvtre. Det er en god del hytter, men og store område med ope lyngbeite.	Ingen teikn til beiting eller anna skjøtsel	Utfording med beiting og dei mange hyttene på øya. Sviing vil gje godt vinterbeite.
		M) Særvøy	Stort område med ope kyst-lynghei med mye grov/gamal lyng. Kupert terregn kor det er myr i dalene og lynghei på ryggene.	Ingen teikn til beiting eller anna skjøtsel.	Se Naturtypar -03. Vurdert som viktig område (B) Stort beiteområde med behov for beitebruksplan med plan for sving.
		N)Littlelangøy, Storelangøy, Niklanshilm, Geitøy og Ådnøy	Desse fire øyane ligg som ei perlerad. Her ope lynghei mot havet i vest. Ingen fysiske ingrep. Sørenden av Littlelangøy er dominert av grov røsslyng med spreidd furu. Myrbærøyane er opne utan attgroing. På Storelangøy er det røsslyng med spreidd buskfuru mens sørenden har mykje berg. Niklanshilm har lynghei med mykje ope berg, mens Ådnøy er planta med buskfuru.	Dei fleste av desse øyane har vore beite jamnleg. På Storelangøy er det ikkje beiting i dag, men plan om fortsatt beiting. På Ådnøy og Geitarøy er det beitedyr. Usikkert når lyngen sist vart svidd.	Ingen fysiske inngrep gjer det enkelt å beite og skjøtte desse øyane som er godt synlege frå ferjeturen til Fedje. Lyngheia bør ryddast for furu.
		O) Ulvøy	Ope lynghei med mykje grov lyng og spreiling av furu mot aust, mindre i vest. Noe berg i dagen. Vegen går gjennom området elles ingen fysiske inngrep.	Sau beiter øya, men går mest på innmark.	Område er enkelt å svi pga mye grense til sjø og veg. Beitepress i lynghei bør aukast.

NR		OMRÅDE:	BESKRIVELSE:	SKJØTSEL:	DIV:
2	Øyane i nord aust	A) Børilden	Havn og gardsbruk i sørvest. Utmarka er kystlynghei med mykje gamal lyng og begynnande attgroing med bl.a furu. Preg av manglende skjøtsel.	Sjekk områdene i nord og vest for Torvnesvågen. Tiltak: Beitedyr, sviling og rydding.	Sjå Naturtypar -03. Vurdert som viktig område (B) Øya egner seg godt til beiting. Enkelt å skjøtte med sviling pga mange sund og viker.
		B) Beinshlm	Ope lynghei utan inngrep. Begynnande attgroing med busker (furu?) i sør. Mykje tørrhei på berg.	Ingen teikn til beiting eller anna skjøtsel.	Øya er enkel å skjøtte med sviling og beiting.
		C) Storestongi	Ope lynghei med tørre og fuktige områder. Begynnande spreiling av furu frå Littlestongi i sør.	Utegangersau vart i 2010 sett ut på lyngbeite som eit samarbeids-prosjekt. Øya har vore utan beitedyr i mange år.	Plan om sviling av øya og auke i tal beitedyr. Øya egner seg spesielt godt til beiting. Enkelt å skjøtte med sviling pga mange sund og viker.
		D) Hundevåg-holmane	Små låge holmer med røsslyngdominans. Gran er planta.	Ikkje spor av beiting eller anna skjøtsel.	Grana er lite verdt som skog og bør fjernast. Sjølv om arealet er holmane godt synleg og kan representere fin lyngbeite som sommarbeite.
		K) Straumstad	Ope lyngbeite i attgroing. Ein del myr og noko berg.	Ope lyngbeite i attgroing. Ein del myr og noko berg.	Deler av steingarder viser godt att i terrenget. Grenser til beite med Angus.
3	Som ellers i Austrheim er her mange våger og sund som sprekker opp landskapet. Lite fjell i dagen og mange myrområde. Dei mange klyngane med gran som er planta sprer seg no til lyngbeita. Område bærer i stor grad preg av attgroing, men dei mange metrane med nyoppsette gjerde langs vegen gir signal om beiteplanar.	A) Kaland	Fuktig lynghei med grov lyng i attgroing med furu. Industrifelt i etablering.	Ingen spor av beiting eller anna skjøtsel.	Regulert til industrifelt i kommuneplane.
		B) Leirvåg	Mosaikk landskap med myr og lynghei. Røsslyng av varierende kvalitet. Spreiling frå sitkagran som er planta i grensa i vest. Grenser til gardsbruk i aktiv drift i N og veg i Ø.	Beitedyr med storfe og sau. Ikkje vinterbeiting. Område vert svidd jamleg.	Sjå Naturtypar -03. Vurdert som lokalt viktig område (C) Fortsatt beiting og skjøtsel med sviling og rydding av tre som etablerer seg. Granplantinga i grense er eit stort problem for skjøtsel av lyngbeite og bør fjernast.
		C) Vardetangen/ Fonne N	Lyngheia i N er fuktig med myr omkransa av barskog, gran, furu og lerk. I sør grenser lynghei til innmark	Ingen skjøtsel av lyngbeite i N. I sør mot Fonne vert område istrasset med beiting av sau og Angus.	Sti til varde og markeringstein for Norges vestlegaste punkt, går igjennom område. Grenser til område E, Fonnes sør, der det er lokalt samarbeid om istrassing og skjøtsel av lynghei og innmarksbeite. Heile område kunne vore inkludert.
		D) Ervik	Fuktig lynghei, grov og i sterkt attgroing. Planta bartre i område og nytt byggefelt mot sør.	Ingen teikn til skjøtsel.	Utfordring med grense mot byggefelt, men område kan restaurerast om ynskjeleg. Gjerde, fjerning av baretre, beiting og sviling.

NR		OMRÅDE:	BESKRIVELSE:	SKJØTSEL:	DIV:
3		E) Fonnes sør	Gammal lynghei i sterkt attgroing med furu, gran og bjørk. Område hører til Mandus og Klara sitt eingong så velskjøtta lyngmark, men har ikkje vore svidd og beita sidan den tid.	I dag beiter det angus i lyngheia. Plan for restaurering og nye gjerde er sett opp langs veg. Resten av arealet grenser mot sjø. Mye av granskogen i SØ er nylig hogd.	Samarbeidstiltak for gjerdning, rydding og skjøtse av lyng- og innmarksbeite. Tiltaket er knytt til prosjekt Landskap i drift. Dette er eit stort ryddeprosjekt kor sau i kombinasjon med Angus ville vore ein fordel.
		F) Utkilen	Lynghei i sterkt attgroing, mest gran som spreier seg fra plantefelt rundt område. Småkupert med grense til innmark, sjø i Ø og veg i V.	Villsau beiter både inn- og utmark heile året.	Plantefelt med gran er ei stor utfordring. Rundt stølshaugen er det fjerna stor sitkagran. Beitepresset i lyngbeite bør aukast. Det må sviaast små område om gangen pga mykje gran rundt lyngheia.
		G) Utkilen sør	Plan for istandsetting av område mot veg som er mest ope. Lyngen er grov og lyngbeite i attgroing. Område mot sjø er svært attgrodd med mellomstore bar- og lauvtre.	Nye gjerde er sett opp rundt del av område. Her er det plan om beiting med Angus og restaurering av lyngbeite.	Samarbeidsprosjekt gjennom Prosjekt Landskap i drift. I ryddingsfasen er det fordel å ha både sau og storfe på beite. Område mot sjøen må ryddast for tre. Grusvegen vil fungere godt som branngate ved sviling.
		H) Synnevågen	Mykje ny og fin lyng kjem opp på dette område som har vore rydda av Angus dei siste åra.	Angus beiter.	Kombinasjonsbeiting med sau og storfe vil skjøtte lyngbeite betre.
		I) Synnevåg aust	Flatt område med bergknatter. Dominert av store myrer og kystlynghei i attgroing med kratt og tre. Røsslyngen er grov og i enkelte områder er det mye død lyng.	Eit område midt på øya (aust for vegen) er gjerdet inne med straum og vert beita med Angus om sommaren.	Sjå Naturtypar -03. Vurdert som lokalt viktig område (C) Område er stort og egner seg godt som fellesbeite. Beitepressen bør aukast. Bør lages skjøtselsplan og beiteplan. Naudsynte tiltak som gjerde, auka beiting, sviling og fjerne av tre.
		J) Stølane	Ope lyngbeite, grov lyng i sterkt attgroing med spreieing av furu frå plantingar i N,S og V. Ein del fuktig lynghei og myr.	Deler av område vert beita av sau.	I dag er her straumgjerde. Permanent gjerde med kombinasjon storfe og sau vil gje betre beitepress. Furu bør ryddes saman med sviling.
		K) Straumstad	Ope lynghei med grov lyng og i sterkt attgroing med furu. Eindel myr og noko berg i dagen.	Ingen teikn til beiting eller anna skjøtsel.	Grenser til område i nord kor det er beiting med Angus.
		M) Bakka	Lynghei i sterkt attgroing med furu. Gammal lyng i beite med berg og myr.	4-5 geiter beiter.	Beitepresset bør aukast. Område er enkel å skjøtte med sviling og beiting pga mykje grense til sjø. Eit par hytter.
		L) Monslaupen	Lyngbeite i svært sterkt attgroing og i sør er det mykje lauvtre og planta gran.	Sau beiter i lyngbeite, men område er svært prega av tilplanting med sitkagran og etablering av lauvskog.	Område er så attgrodd at det krever mykje for å sette i stand. Skog må hoggast før sviling. Område er naturlig gunstig som lyngbeite pga mykje grense (iØ, S og V) mot sjø.

NR		OMRÅDE:	BESKRIVELSE:	SKJØTSEL:	DIV:
4	Område på Fosnøya som ligg nord for riksvegen	A) Ulvøy	Lynghei i degenerasjonsfase og i sterkt attgroing med lauv- og bartre. Hører saman med tidligere lynghei i nordenen på Ulvøy. Dette ervesvært attgrodd.	Ingen beiting eller anna skjøtsel	Område ligg i tilknyting til småbruk utan drift og det er regulert til 2 nye hus i lyngbeite. Sjølv om dette er ei ekstra utfordring så kan beite settes i stand om eigarane ynskjer ope landskap. Gjerding og beitedyr, saman med rydding og sving.
		B) Sætre	Område er stort med røsslyngdominans og mykje fuktig lynghei og myr. Plantefelt med gran og furu. Spredd furu mot vest. Lyngen er grov og bærer preg av attgroing, men er i ferd med å settes i stand.	Angus beiter heile område.	Beitesamarbeid mellom fire brukarar (tre eigare) har nylig starta opp. Nytt gjerde er kome opp. Prosjektet er del av Landskap i drift. Granfelt er ein utfordring mht til attgroing. Verdien vert auka ved at område no vert beita. Kombinasjonsbeiting med store og småfe vil være ein stor fordel i istandsetting av lyngbeite.
		C) Årås N	Fuktig lynghesi med høg røsslyng-dominans. Nytt byggfelft mot sjøen i Ø, plantefelt i N.	Ingen beiting eller anna skjøtsel	Område er lite og regulert til byggeområde i kommuneplan.
		D) Årås S	Småkupert med berg og tørr lynghesi. Grov lyng og sterkt attgroing med gran og furu. Høgdedraget mot sjø i Ø er framleis ope og relativt god stand,	Ingen beiting eller anna skjøtsel	Område mot sjø i aust er enkelt å sette i stand med sving. Gjerde og beitedyr er ein føresetnad for ivareta lyngbeite.
		E) Øksnes	Stort lyngbeite med varierande tilstand. Områder med høg røsslyngdominans, men og beitegras, stein og berg, men og myrpartier. Fleire plantefelt med gran som nå sprer seg i.	Lyngbeite i vest vert beita av sau og litt hest. Mindre område i nord er svidd i seinare tid.	Beitepresset bør aukast. Plan for mindre sving bør vidareførast og når skogen vert hogd kan område tilbakeførast. Område egner seg godt til skjøtta lyngbeite med sjø på alle kanter og ingen bustader .
		F) Rebnor / Jamnhaugane	Ope fin lynghesi med tørre og fuktige part i høgdene. Attgroing med bartre spreier seg frå vegen og austover.	Ingen beiting eller anna skjøtsel	Store lynghiområde i utmark som er i samanheng med område nord. Det bør lages ein beitebruksplan for eit større område.
		G) Dyrnes / Breivik	Lynghesi med begnatter og myrdrag. Grov lyng i og sterkt attgroing med mykje gran og furu. Enkeltområde er framleis opne.	Ingen teikn til beiting eller anna skjøtsel	Skal lynghesia skjøtte skrevs det mykje gjerde mot veg og evnt mot eit lite byggfelft ved Breivik.
		H) Lerøy	Område av lynghesia er i god tilstand og med høg røsslyngdominans. Den har naturlig overgang til grasbeite. I vest mot jøen er det planta gran.	Villsau beiter innmark og lyngbeite.	Lyngbeite ligg godt til rette for fortsatt skjøtsel. Granskogen bør fjernast og område tilbakeførast til lyngbeite.
		I) Brekka	Ope lynghesi med grov lyng og einer. Grenser til plantefelt i sør. Gran og rogn begynner å etablere seg.	Ingen beiting eller anna skjøtsel	To hytter og plan om fleire gjer det vanskeleg å ta vare lynghesia.

NR		OMRÅDE:	BESKRIVELSE:	SKJØTSEL:	DIV:
5	Område på Fosnøy som ligg sør for riksvegen + øya Njøta. Her er mange viker og sund, men også jordbruksareal langs riksvegen. Lyngheiene er prega av attgroing og gran/furu er planta på holmer og øyer. Øya Njøta har eit verdifullt kulturlandskap, men også her er det områder i attgroing.	A) Vikane	Ope lynghei, med grov lyng. Variasjon av fuktig hei, myr og tørrere partier på låge høgdedrag. Ligger mellom veg og ved idrettsanlegg.	Ingen teikn på beiting eller anna skjøtsel. Rest av gamle gjerder.	
		B) Nordre Njøta	Småkupert lynghei med høg røsslyngdominans på høgdedraga og myrparti i dalsøkka. Variasjon i lyngkvalitet, både grov og fin lyng. Spreiing av furu. Planteskog rundt området.	Villsau heilårsbeiter både inn- og utmark.	Njøta er eit spesielt verdifullt kulturlandskap med jordbruksareal og lyngbeite. Beitepresset i lyngmark bør aukast. Samarbeid med beiteplan og beitebruk bør være aktuelt. Beitepress i lynghei bør aukast og små område om gangen bør sviast.
		C) Søre Njøta	Stort samanhengande område med lynghei i sterkt attgroing med furu.	Sau sommarbeiter på innmark. Ingen teikn på beiting eller anna skjøtsel i lyngmark.	Lyngbeite i attgroing er spesielt verdifullt fordi det ligg på Njøta. Her er beiting og skjøtsel i nord og sør og dette området ligg godt til rette for vinterbeiting og skjøtsel.
		D) Naustneset	Område mot vest har svært fin lyng i forskjellige stadier. Her har vore svidd for ein del år sidan. Gjerde går frå sør til nord. Austsida ber preg av attgroing og grov lyng.	Kvit sau beiter intenst i periodar på vestsida. Ingen beiting på austsida.	Heile sørrenden burde vore eit felles beite. Svært lett og skjøtte med svинг og beiting. 2 hytter er innegjerda.
		E) Førlandsvatnet	Fuktig lyngbeite i eit område med mykje myr, men også berg med meir tørr lyng. Det er planta mykje gran i striper.	Det er gjerda og satt ut villsau i 2010	Ikkje synfart. Trolig skulle eit større område vore registrert som lynghei. Sjå flyfoto
		F) Naustnesvågen	Tørr lynghei på berg mot sjø og striper med myr. Gran og furu spreier seg frå dei mange plantefelt i området rundt. Attgroing	Ingen teikn til beiting eller anna skjøtsel.	Ikkje synfart. Sjå flyfoto.


Døme på lyngområde i Austrheim



OMRÅDE 1 B OG C: frå Krossøy mot Nautøy



OMRÅDE 2C: Frå Littlestongi mot Storestongi




OMRÅDE 5D: Naustneset på søre Njøta.



OMRÅDE 3B: Leirvåg;

Skog og landskap



0 500 1000 1500m

skog +
landskap

28.05.2015

